

Reiug med storsiger

Tråvhesten Reiug leverte eit storløp på Jarlsberg tråvbane laurdag kveld. Alle dei beste 4-åringane i landet var samla til Det Norske Tråvselskap sin V75 haustfinale og Nils Østbys Minneløp. Frå dødens posisjon stakk Reiug med kusk Kai Johansen i vognen av i siste sving og ingen klarte å hente

dei igjen. Bø Tråvlag uttalar at det var svært fortent at det nå endeleg var Reiug sin tur til å få ein storsiger. Tida blei 1.25,2 over 2.120 meter og 100.000 kroner i premie. Ein flott pokal blei også med heim til Roe. Eigargar er Åse Brekke Roe, Kjell Hultman og Kjetil Roe, som også er trenar for hesten.

Nesten for Bø-tråvarar

Fleire tråvhestar frå Bø hevda seg godt på Jarlsberg tråvbane laurdag kveld under Det Norske Tråvselskap sin haustfinale og Nils Østbys Minneløp. Toppen var sjølv-sagt hesten Reiug tilhøyrande Stall Roe sin flotte V75-siger. I same løp kom Stall Bø-hesten Odins Eld inn på ein fjerde-

plass. Nærast løpssiger kom Viking Hill tilhøyrande Kjell Vidar Braaten i V75-2. Etter ein superspurt blei det målfototap og 25.000 kroner i premie. Loke Faks tilhøyrande Arthur Bø var også svært nær siger i sitt V75-løp (V75-5). Han leia til siste meter og blei slått med minst mogleg margin.



KOMMUNEREFORMA

Forhandlingsutvalet og referansegruppa. Framme f.v. Anne Kisfoss Anderson, Mette Haugholt, Bjørg Lundefaret Tveito, Anna Svalbjørg, Mona Stokker, Olav Kasland. Midten f.v. Erling Rønnekleiv, Åse Egeland, Odd Arne Olsen, Alf Rose Sørgaarden, Hans Gunnerud Jørgensen, Jan Forberg, Bjørn G. Andersen, Bent Brustad, Tor Arne Skomedal. Bak f.v. Torunn Brukåsa Kleiva, Borgar Kaasa, Kari Fiskodde Andersen, Glenn T. Isaksen, Erik Søndegård.

fakta

Forhandlingsutvalet består av tre politikarar frå kvar kommune. Dei tillitsvalde er med som referansegruppe.

Nome: Bjørg Tveito Lundefaret, (Ap), ordførar, Hans Gunnerud Jørgensen (H), varaordførar, Torunn Brukåsa Kleiva (Sp)
Tillitsvalde: Tor Arne Skomedal, Utdan-

ningsforbundet, Kari Andersen, Fagforbundet, Bent Brustad, hovudverneombod.

Sauherad: Mette Haugholt (Ap), ordførar, Alf Rose Sørgaarden (KrF), varaordførar, Erik Søndegård (H) vara for Per Simon Slettebø (Sp)

Anne Kisfoss Andersen, Fagforbundet, Asbjørn Tolo, Utdanningsforbundet, Mona

Stokker hovudverneombod vara for Bitte Marten Oswald.

Bø: Olav Kasland (V), ordførar, Borgar Kaasa, varaordførar, Glenn T. Isaksen (Ap), Jan Forberg, Fagforbundet, Anna Svalbjørg, hovudverneombod, Odd Bjørn Olsen, Utdanningsforbundet.

Full f vedta

Forhandlingane om ei mogleg kommunesamanslåing er i gang igjen, denne gongen mellom Nome, Sauherad og Bø. Kommunestyret skal godkjenne eller forkaste intensjonsavtalen 28. januar.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

– Kommunestyret må ha meint noko om kommunesamanslåing før 1. juli 2016. Det var regionrådssekretær Erling Rønnekleiv si klare melding til forhandlingsutvalet tysdag denne veka.

Det vil seie at før juni er ferdig må det foreligge ei intensjonsavtale som kommunestyret har vedteke første gong, så må politikarane på ein eller annan måte høyre innbyggjarane før det gjer det andre vedtaket om kommunesamanslåing eller ikkje. For å rekke dette vart ein einige om at saka må til kommunestyret første gong i slutten av januar, på same dag og same klokkeslett i begge kommunane.

Braut saman i Seljord

I september braut forhandlinga-

Blei årets entreprenørskapslæ

På hovudorganisasjonen Virkes årskonferansedag sist veke ga Robert Eriksson prisen til Runar Gundersen frå Høgskolen i Telemark (HiT).

Årets vinnar, Runar Gundersen, er næringslivsmannen som i 2006 begynte som høgskulelærar etter sjølv å ha fullført Innovasjon og Entreprenørskapsstudiet ved HiT.

Tverrfagleg jobbing

Ifølgje prisutdelarane inspirerer

Gundersen studentar til entreprenørskap gjennom bruk av Ungt Entreprenørskaps-programmet Studentbedrift. Han brenn for entreprenørskap og har lang og brei gründererfaring som studentane nyter godt av. Han arbeider aktivt for entreprenørskapskultur og tverrfaglegheit, og ser Høgskolen i Telemark som ein einheit.

– Studentbedrift passar for alle linjene, og bland dei gjerne saman, til tverrfagleg jobbing, seier vinnaren.

Inspirerer studentar

I juryens grunngjeving heiter

det blant anna: "Årets entreprenørskapslærer har en helt unik dedikasjon til innovasjon og entreprenørskap. Han inspirerer egne studenter til å utvikle forretningsideer gjennom Studentbedrift. Virke og Ungt Entreprenørskap er svært opptatt av å fremme mer praksisorientert utdanning spesielt innenfor høyere utdanning."

Juryen har vore sett saman av administrerande direktør i Ungt Entreprenørskap, Anne Kathrine Slungård, og administrerande direktør i Hovedorganisasjonen Virke, Vibeke Hammer Madsen.

Kompetent fagmiljø

– Høgskolen i Telemark jobbar med entreprenørskap på ein forbildeleg måte. Satsinga er forankra i leiinga, og skulen har over mange år utvikla eit svært kompetent fagmiljø. Gundersen er primus motor i dette arbeidet. Eg håpar heile Telemark lar seg inspirere av han, og at dette kan vere med å bidra til ytterlegare entreprenørskapsatsing i den nye Høgskolen Sør Øst, seier Ann-Iren Haugen, dagleg leiar i Ungt Entreprenørskap Telemark.

Premien til årets entreprenørskapslærer er å få skygge

arbeids- og sosialminister Robert Eriksson og toppleiar i Varner-Gruppen, Marius Varner, gjennom ein arbeidsdag.

Bestemann-pris. Runar Gundersen (midten) ved HiT blei kåra til årets entreprenørskapslærer sist veke. Prisutdelar var arbeids- og sosialminister Robert Eriksson (t.h.).

Foto: Virke